

Nyhende

## Polske legar stortrivast i Lærdal



**- Vi er blitt veldig godt mottekne, seier Jacek Srokosz. Han er ein av sju polske legar som Helse Førde har tilsett for å bøte på legemangelen.**

Srokosz har jobba som overlege ved Lærdal sjukehus i snart to månader. Han er spesialist i indremedisin og har tidlegare jobba ved eit sjukehus i nærleiken av Krakow i det sørlege Polen.

Overgangen frå storbyen til vesle og rolege Lærdal har naturleg nok vore stor på mange måtar.

- Eg har bil og vegane er gode, så det er lett å dra til større stader, smiler Srokosz.

Han vart oppmuntra av ein kollega heime i Polen, som hadde jobba i Norge, om å søkje seg hit gjennom rekrutteringsselskapet Paragona. Etter fullført norskurs i Warszawa drog han til Lærdal saman med kona som er utdanna lærar. Srokosz er glad i friluftsliv, og han er glad valet fall på Lærdal. Han dreg fram både naturen, stilla og klimaet som plussfaktorar med. Men det viktigaste av alt er at han trivast på sjukehuset i bygda.

- Lærdal sjukehus er ikkje ulikt det sjukehuset eg jobba på før, men utstyret her er meir avansert. Det er ein god stad for fagleg utvikling. Sjukehuset er også betre organisert, slik at eg får meir tid til å tenkje på pasientane. Det er viktig å ha tid til pasientane, seier Srokosz, som heller ikkje legg skjul på at lønsvilkåra er betre i Norge.

Jobbskiftet har budd både på språklege og faglege utfordringar, men Srokosz rosar både kollegaer og sambygdingar.

- Vi er blitt veldig godt mottekne. Folk er hjelpsame og dei har forståing for at det tek tid å lære seg språket og forstå norske reglar.

Srokosz snakkar godt norsk etter såpass kort tid i Norge.

- Det har gått greitt å lære språket. Pasientane er veldig tolmelige og høflege. Dei er vane med utanlandske legar, og når eg ber dei snakke litt seinare og tydlegare, så går det bra.

- Vi er veldig godt nøgde. Dei polske legane er dyktig faglege og har tilpassa seg veldig lett. Dei lærer seg rutinare fort og fungerer godt. Eg håpar dei vert verande, seier seksjonsleiar Albert Olaf Fedje ved Lærdal sjukehus.

Ved Lærdal sjukehus er det tilsett to polske overlegar, medan fem landsmenn har fått jobb ved Førde sentralsjukehus. Alle er tilsette gjennom det polske rekrutteringsselskapet Paragona som Helse Vest har kontrakt med. Alle er fast tilsette i Helse Førde – på vanlege tilsettingsvilkår.

- Alle må gjennom fortløpande språktestar med høge krav før dei byrjar hos oss. Dei har og vore på besøk to gonger med familiane for å verte kjende med sjukehusa og stadene før dei byrja, seier fagdirektør Hans-Johan Breidablik i Helse Førde.

Han opplyser at helseføretaket til neste år satsar på å rekruttere fire-fem nye legar frå Polen.



- ➔ Aktiv på dagtid
- ➔ Brukarutvalet
- ➔ Geriatrisk team i Helse Førde
- ➔ Lærings- og meistringssenteret
- ➔ Raskare tilbake
- ➔ Samhandling med kommunane
- ➔ Senter for sjukleg overvekt

### Abonnør på siden

- ➔ Nyhende frå HF